

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3.etg., fylkeshuset, Bergen
Dato: 01.02.2018
Tidspunkt: 11:00-16:50

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknad
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A	
Helge Nævdal	Medlem	A	Til kl. 16:05
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Anne Gine Hestetun	Leiar	A	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Pål Kårbø	Medlem	KRF	Til kl. 16:45
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Anne Beth Njærheim	Medlem	V	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Roald Stenseide	Medlem	FRP	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	
Roald Kvamme	Medlem	A	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Benthe Bondhus	Medlem	SP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jon Askeland	Benthe Bondhus	SP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør
Målfrid Vik Sønstabø	Leiar trafikktilbod Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Ingeborg Strandberg	Rådgjevar fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/18	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 2/18	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 3/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/18	Forskrift om sammenslåing av Hordaland og Sogn- og Fjordane fylkeskommuner er fastsatt	2017/2106	
RS 2/18	Namn på den nye fylkeskommunen på Vestlandet - møte med KMD	2015/1434	
RS 3/18	Notat om forvaltningsrevisjoner i NDLA	2015/2073	
RS 4/18	Oversikt over tilsegn for næringsutvikling i Hordaland per 31.12.2017	2014/10180	
RS 5/18	Partistøttemidler - rapportering	2016/5571	
RS 6/18	Uttale frå Husnes Vekst vedrørende betring av kommunikasjonstilhøva mellom Stord og Kvinnherad	2017/17672	
RS 7/18	Melding om vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Godkjenning av alternativ fag- og timefordeling på studiespesialisering på St. Paul gymnas	2017/16658	
RS 8/18	Høring av statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning i kommunene	2017/15921	
RS 9/18	Rassikringsmidlar 2018-2023 - forslag til fordeling av planleggingsrammene	2016/5373	
RS 10/18	Kostnader og utfordringar ved innføring av setebelter på bussar i Hordaland	2017/16473	
RS 11/18	Kulturrådet si vurdering av musea i 2016	2016/2550	
RS 12/18	Rapportering for bruk av kompetansemidlar i landbruket 2017	2017/93	
RS 13/18	Høring - Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalget i 2019 og stortingsvalget i 2021	2014/18836	
RS 14/18	Avtale konsolidering Bergens Sjøfartsmuseum/Museum Vest signert	2017/16733	
RS 15/18	Invitasjon til regjeringens kontaktkonferanse med fylkeskommunene 2018	2017/103	
RS 16/18	Svar på spørsmål frå fylkesutvalet - Beredskap parkeringsutfordringar i Arna	2017/17307	
RS 17/18	Svar på spørsmål vedk. nedlegging av klasser for fremmedspråklige ved Bergen katedralskole	2017/16980	
RS 18/18	Spørsmål om skuleskyss i Sunnhordland	2017/938	
RS 19/18	Båtrute i Osterfjorden og Veafjorden - spørsmål i fylkesutvalet	2017/17742	
RS 20/18	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. februar 2018	2015/10348	
PS 4/18	Delegerte saker		
DS 1/18	Refinansiering av lån 470 mill. kr	2017/2247	
PS 5/18	Planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda. Sluttbehandling.	2014/11266	

PS 6/18	Handlingsprogram 2018-2021 til Regional plan for folkehelse 2014-2025	2017/3149
PS 7/18	Konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Opo flomkraftverk i Odda kommune. Høyringsfråsegn.	2017/465
PS 8/18	Val av eigarrepresentantar for 2018	2017/17062
PS 9/18	Deltaking i Grønt Kystfartsprogram	2018/555
PS 10/18	Avvikling av Nordhordlandspakken AS	2014/16083
PS 11/18	Sal av Bergen-Os bompengeselskap AS	2017/16602
PS 12/18	Sal av AS Austevoll bruselskap	2017/16602
PS 13/18	Sal av Askøy bompengeselskap AS	2017/16602
PS 14/18	Sunnhordland Ferjerederi AS u.s, søknad om ruteløyve for ferjedrift	2016/9963
PS 15/18	Søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS om ruteløyver for strekninga Bergen - Odda - Oslo	2017/14828
PS 16/18	Ny driftskontrakt for ASOLA DK1201	2015/5638
PS 17/18	Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte for 2017	2014/11957
PS 18/18	Omklassifisering av FT. 202 - Telavåg, Sund kommune.	2014/11976
PS 19/18	Endra grenser for vegdriftkontraktene i Sunnhordland	2015/5638
PS 20/18	Vidareføring av tiltak for å møte omstillingsutfordringane til industrien i Hordaland	2014/18069
PS 21/18	Retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig	2017/17062
PS 22/18	Holmen i Ulvik - Intensjonsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Ulvik herad	2014/11871
PS 23/18	Kriterium for tildeling av utrangert PC-utstyr	2018/304
PS 24/18	Etablering av Sekretariatet for Nordsjøkommissjonen på Vestlandet	2014/22155
PS 25/18	Oppnemning av politisk saksordførar til saka "Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskar".	2017/15373
PS 26/18	Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2018	2018/293
PS 27/18	Ymse	

PS 1/18 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å setje RS 2/18 på saklista for møtet utan saksførelegg:

- PS 28/18 Namn på den nye fylkeskommunen på Vestlandet.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend.

Saklista vart godkjend med den merknaden som er nemnd over.

PS 2/18 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 07.12.2017 vart godkjend utan merknader.

PS 3/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

RS 2/18 «Namn på den nye fylkeskommunen på Vestlandet – møte med KMD» vart omgjort til PS 28/18: «Namn på den nye fylkeskommunen på Vestlandet».

Referatsaker 1 og 3-20/18 vart refererte.

I samband med RS 9/18 «Rassikringsmidlar 2018-2023 - forslag til fordeling av planleggingsrammene» spurde **Roald Stenseide, Frp**, om det kjem sak.

I samband med RS 10/18 «Kostnader og utfordringar ved innføring av setebelter på bussar i Hordaland» ønskte **Anne-Beth Njærheim, V**, at det vert lagt fram oppfølgingssak.

Sigbjørn Framnes, Frp, kommenterte RS 18/18 «Spørsmål om skuleskyss i Sunnhordland».

I samband med RS 17/18 «Svar på spørsmål vedk. nedlegging av klasser for fremmedspråklige ved Bergen katedralskole» spurde **Aud Karin Oen, SV**, om tilbodet ved Bergen katedralskole er i tråd med regelverket. Fylkesdirektør opplæring svarte.

I samband med RS 5/18 «Partistøttemidlar – rapportering» stilte **Tom Sverre Tomren, MDG**, spørsmål om kriterium og rapporteringskrav.

PS 4/18 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Vedtak

Delegert sak DS 1/18 vart teken til orientering.

PS 5/18 Planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda. Sluttbehandling.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet fastsett med heimel i plan- og bygningslovens §8-3 planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda, datert 07.11.2017.
2. Det vert forutsatt likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet fastsett med heimel i plan- og bygningslovens §8-3 planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda, datert 07.11.2017.

2. Det vert forutsatt likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet fastsett med heimel i plan- og bygningslovens §8-3 planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda, datert 07.11.2017.
2. Det vert føresett likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.

PS 6/18 Handlingsprogram 2018-2021 til Regional plan for folkehelse 2014-2025

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 16.01.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.01.2018

Iiril Schau Johansen (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg under Tiltak 5.1, finansiering:
«... inkludert nasjonal tilskotsordning mot fattigdom.»»

Jon Askeland (Sp) sette på vegner av Sp, SV, A, KrF, V, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag:

- (a) «Utval for miljø og samferdsel oppmodar Hordaland fylkeskommune om å innby kommunane til oppstartseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket.
- (b) Utval for miljø og samferdsel ber fylkesutvalet prioritera planambisjonar generelt i høve økonomisk handlingsrom i Hordaland fylkeskommune.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Johansen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Askeland sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Askeland sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for miljø og samferdsel oppmodar Hordaland fylkeskommune om å innby kommunane til oppstartseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket.

Utval for miljø og samferdsel ber fylkesutvalet prioritera planambisjonar generelt i høve økonomisk handlingsrom i Hordaland fylkeskommune.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025.

Tillegg under Tiltak 5.1, finansiering: «... inkludert nasjonal tilskotsordning mot fattigdom.»

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018

Geir Kjell Andersland (V) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Handlingsprogrammet – tema 3 Oppvekst og læring, delmål 3.4 vert endra til:
90% av elevane skal gjennomføre vidaregåande utdanning på 5 år.

Tiltak 3.6 Innhald,- tillegg i setninga : Lærarane skal få auka kompetanse om kva faktorar som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir elevane moglegheit til å ta ansvarlege livsval, og eit betre psykososialt arbeidsmiljø for elevane.»

Sara Sekkingstad (Sp) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkesutvalet oppmodar administrasjonen om å innby kommunane til oppstartsseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket.»

Røysting

Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Sekkingstad sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart elles samrøystes vedteke slik det låg føre.

Innstilling til fylkesutvalet

Handlingsprogrammet – tema 3 Oppvekst og læring, delmål 3.4, vert endra til:
90% av elevane skal gjennomføre vidaregåande utdanning på 5 år.

Tiltak 3.6 Innhald,- tillegg i setninga : Lærarane skal få auka kompetanse om kva faktorar som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir elevane moglegheit til å ta ansvarlege livsval, og eit betre psykososialt arbeidsmiljø for elevane.

Fylkesutvalet oppmodar administrasjonen om å innby kommunane til oppstartsseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket

Fylkesutvalet vedtek elles Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025 slik den ligg føre.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.01.2018

Kjell Søvik (FFO) sette fram slikt forslag:

Regional plan for folkehelse, handlingsprogrammet 2018-2021, pkt. 2, overordna rammer:

«Handlingsprogram til regionale planar skal reviderast etter plan- og bygningslova.»

Der plan- og bygningslova ikkje oppfyller Universell utforming er det likestillings- og diskrimineringslova som må gjelde.

Røysting

Søvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Regional plan for folkehelse, handlingsprogrammet 2018-2021, pkt. 2, overordna rammer:

«Handlingsprogram til regionale planar skal reviderast etter plan- og bygningslova.»

Der plan- og bygningslova ikkje oppfyller Universell utforming er det likestillings- og diskrimineringslova som må gjelde.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Anne-Beth Njærheim, V, sette fram slikt forslag:

«Under tema lokalsamfunn, nærmiljø og bustader

Nytt punkt:

1. Hordaland fylkeskommune har mål om at minst 10 kommunar skal vere godkjente som trafikksikre kommunar innan planperioden.
2. Hordaland fylkeskommune har mål om at Hordaland fylkeskommune skal jobbe mot å bli godkjent som trafikksikker fylkeskommune innan planperioden.»

Jon Askeland, Sp, sette på vegner av Sp, A, KrF og SV fram slike forslag:

«Tillegg under Tiltak 5.1, finansiering:

«... inkludert nasjonal tilskotsordning mot fattigdom.»

Fylkesutvalet oppmodar Hordaland fylkeskommune om å innby kommunane til oppstartseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket.

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen prioritera planambisjonar generelt i høve økonomisk handlingsrom i Hordaland fylkeskommune.»

Roald Kvamme, A, sette på vegner av A, SV og Sp fram slikt forslag:

«Tema 3 oppvekst og læring, nytt punkt 3.12

Auka kunnskapen om førebyggjande helsetiltak og leggja til rette for tilbod om vaksinasjon mot hjernehinnebetennelse for elevar i vidaregåande skule. Samarbeida med kommunehelsetenesta for å kunna gjera tilbodet gratis og lett tilgjengelig.»

Pål Kårbø, KrF, sette fram slikt forslag:

«Tema 3 oppvekst og læring, nytt punkt 3.12

Auka kunnskapen om førebyggjande helsetiltak og leggja til rette for tilbod om vaksinasjon mot hjernehinnebetennelse for elevar i vidaregåande skule. Samarbeida med kommunehelsetenesta for å gjera tilbodet rimeleg og lett tilgjengelig.»

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå utval for kultur, idrett og regional utvikling til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Kårbø sitt forslag fekk 1 røyst (KrF) og fall.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Under tema lokalsamfunn, nærmiljø og bustader

Nytt punkt:

1. Hordaland fylkeskommune har mål om at minst 10 kommunar skal vere godkjente som trafikksikre kommunar innan planperioden.
2. Hordaland fylkeskommune har mål om at Hordaland fylkeskommune skal jobbe mot å bli godkjent som trafikksikker fylkeskommune innan planperioden.

Handlingsprogrammet – tema 3 Oppvekst og læring, delmål 3.4, vert endra til:
90% av elevane skal gjennomføre vidaregåande utdanning på 5 år.

Tiltak 3.6 Innhald,- tillegg i setninga : Lærarane skal få auka kompetanse om kva faktorar som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir elevane moglegheit til å ta ansvarlege livsval, og eit betre psykososialt arbeidsmiljø for elevane.

Tema 3 oppvekst og læring, nytt punkt 3.12

Auka kunnskapen om førebyggjanda helsetiltak og leggja til rette for tilbod om vaksinasjon mot hjernehinnebetennelse for elevar i vidaregåande skule. Samarbeida med kommunehelsetenesta for å kunne gjera tilbodet gratis og lett tilgjengelig.»

Tillegg under Tiltak 5.1, finansiering:

«... inkludert nasjonal tilskotsordning mot fattigdom.»

Fylkesutvalet oppmodar administrasjonen om å innby kommunane til oppstartsseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket.

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen prioritera planambisjonar generelt i høve økonomisk handlingsrom i Hordaland fylkeskommune.

Fylkesutvalet vedtek elles Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025 slik den ligg føre.

PS 7/18 Konesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Opo flomkraftverk i Odda kommune. Høyringsfråsegn.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det ikkje vert gjeve konesjon for Opo flaumkraftverk før NVE har vurdert tiltaket opp mot dei flaumdempende tiltaka som NVE greier ut i Sandvinvatnet og Oddadalen.
2. Av omsyn til landskapsopplevinga av Opo rår Hordaland fylkeskommune til monaleg auke i minstevassføringa i månadene mai til og med september slik at vassføringa blir minst 40 m³/s på dagtid.
3. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdere statleg flaumsikringsbidrag for å sikra drifta av Opo flaumkraftverk.
4. Av omsyn til anadrom fisk skal det etablerast fisketrapp forbi Eidesfossen og dessutan leiemekanismar. Vassføringa i Opo må tilpassast vandringsmønsteret til fisken og skal bidra til positiv oppleving av fiske. Ein må nytta den fiskefaglege vurderinga frå UNI til å setja rett minstevassføring gjennom året
5. Under opparbeiding av området må ein søkja å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar, stiar, bakkemurar, tufter m.m..
6. Tiltaket utløyser meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekte under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.
7. Utifrå vassforskrifta skal tiltaket i utgangspunktet ikkje endra kvaliteten på vassførekomsten.
8. Sandvinvatnet må undersøkast for vasskvalitet før ein set i gang tiltaket. Konsekvens av utfylling for campingplass må vurderast nøye.
9. Ein må unngå at ein får flytting av sediment på sjøbotnen der flaumtunnelen kjem ut.
10. Det må takast vassprøvar i Opo før og etter tiltaket for å ha overvaking av forandring av vasskvaliteten.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkesrådmannen sine pkt. 1 og 2 blir erstatta med følgjande nye pkt:

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Fylkeskommunen vurderer at den flaumdempande effekten i storelva, frå Sandvin og oppover til Hildal, er eit betydeleg argument for å gi konsesjon til bygging av flaumkraftverket. Tryggleik for hus, heim, liv og helse må vektleggast tyngst når NVE tek stilling til søknaden.
2. Hordaland fylkeskommune ber NVE leggje til grunn det vassføringsregimet som er føreslege i søknaden.»

Røysting

Håland sitt forslag til nytt pkt. 1 og 2 vart samrøystes vedteke mot rådmannen sitt forslag som fall. Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 til 10 vart elles samrøystes vedteke slik det låg føre.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Fylkeskommunen vurderer at den flaumdempande effekten i storelva, frå Sandvin og oppover til Hildal, er eit betydeleg argument for å gi konsesjon til bygging av flaumkraftverket. Tryggleik for hus, heim, liv og helse må vektleggast tyngst når NVE tek stilling til søknaden.
2. Hordaland fylkeskommune ber NVE leggje til grunn det vassføringsregimet som er føreslege i søknaden.
3. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdere statleg flaumsikringsbidrag for å sikra drifta av Opo flaumkraftverk.
4. Av omsyn til anadrom fisk skal det etablerast fisketrapp forbi Eidesfossen og dessutan leiemekanismar. Vassføringa i Opo må tilpassast vandringsmønsteret til fisken og skal bidra til positiv oppleving av fiske. Ein må nytta den fiskefaglege vurderinga frå UNI til å setja rett minstevassføring gjennom året.
5. Under opparbeiding av området må ein søkja å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar, stiar, bakkemurar, tufter m.m..
6. Tiltaket utløyser meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekte under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.
7. Utifrå vassforskrifta skal tiltaket i utgangspunktet ikkje endra kvaliteten på vassførekomsten.
8. Sandvinvatnet må undersøkast for vasskvalitet før ein set i gang tiltaket. Konsekvens av utfylling for campingplass må vurderast nøye.
9. Ein må unngå at ein får flytting av sediment på sjøbotnen der flaumtunnelen kjem ut.
10. Det må takast vassprøvar i Opo før og etter tiltaket for å ha overvaking av forandring av vasskvaliteten.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

- a. Hordaland fylkeskommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Opo vasskraftverk grunna omsynet til biologisk mangfald og naturverdiar.
- b. Hordaland fylkeskommune vil be NVE og Regjeringa om statlege flaumsikringsbidrag for å sikre flaumsette område rundt Opo-elva.»

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag:

Alternativ:

1. «Hordaland fylkeskommune rår til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk før NVE har vurdert tiltaket opp mot dei flaumdempande tiltaka som NVE greier ut i Sandvinvatnet og Oddadalen.
2. Av omsyn til landskapsopplevinga av Opo rår Hordaland fylkeskommune til monaleg auke i minstevassføringa i månadene mai til og med september slik at vassføringa blir minst 40 m³/s på dagtid.
3. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdere statleg flaumsikringsbidrag for å sikra drifta av Opo flaumkraftverk.
4. Av omsyn til anadrom fisk skal det etablerast fisketrapp forbi Eidesfossen og dessutan leiemekanismar. Vassføringa i Opo må tilpassast vandringsmønsteret til fisken og skal bidra til positiv oppleving av fiske. Ein må nytta den fiskefaglege vurderinga frå UNI til å setja rett minstevassføring gjennom året.
5. Under opparbeiding av området må ein søkja å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar, stiar, bakkemurar, tufter m.m..
6. Tiltaket utløyer meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekte under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.
7. Utifrå vassforskrifta skal tiltaket i utgangspunktet ikkje endra kvaliteten på vassførekomsten.
8. Sandvinvatnet må undersøkast for vasskvalitet før ein set i gang tiltaket. Konsekvens av utfylling for campingplass må vurderast nøye.
9. Ein må unngå at ein får flytting av sediment på sjøbotnen der flaumtunnelen kjem ut.
10. Det må takast vassprøvar i Opo før og etter tiltaket for å ha overvaking av forandring av vasskvaliteten.»

Roald Kvamme, A, sette fram slikt forslag:

- (a) «Endring siste setning punkt 4:
Ein må nytta dei fiskefaglege vurderingane som er omtala i konsesjonssøknaden som grunnlag til å setja rett minstevassføring.
- (b) Nytt punkt:
Flaumsikring må vera ei prioritert statleg oppgåve og løyvingane til dette arbeidet bør aukast.»

Røysting

Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Kvamme sitt forslag (a) fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG, V, Frp, H) og vart vedteke.

Innstillinga med Kvamme sitt forslag (a) vart vedteke mot 2 røyster (MDG, SV).

Kvamme sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Fylkeskommunen vurderer at den flaumdempande effekten i storelva, frå Sandvin og oppover til Hildal, er eit betydeleg argument for å gi konsesjon til bygging av flaumkraftverket. Tryggleik for hus, heim, liv og helse må vektleggast tyngst når NVE tek stilling til søknaden.

2. Hordaland fylkeskommune ber NVE leggje til grunn det vassføringsregimet som er føreslege i søknaden.
3. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdere statleg flaumsikringsbidrag for å sikra drifta av Opo flaumkraftverk.
4. Av omsyn til anadrom fisk skal det etablerast fisketrapp forbi Eidesfossen og dessutan leiemekanismar. Vassføringa i Opo må tilpassast vandringsmønsteret til fisken og skal bidra til positiv oppleving av fiske. Ein må nytta dei fiskefaglege vurderingane som er omtala i konsesjonssøknaden som grunnlag til å setja rett minstevassføring.
5. Under opparbeiding av området må ein søkja å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar, stiar, bakkemurar, tufter m.m..
6. Tiltaket utløyser meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekte under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.
7. Utifrå vassforskrifta skal tiltaket i utgangspunktet ikkje endra kvaliteten på vassførekomsten.
8. Sandvinvatnet må undersøkast for vasskvalitet før ein set i gang tiltaket. Konsekvens av utfylling for campingplass må vurderast nøye.
9. Ein må unngå at ein får flytting av sediment på sjøbotnen der flaumtunnelen kjem ut.
10. Det må takast vassprøvar i Opo før og etter tiltaket for å ha overvaking av forandring av vasskvaliteten.
11. Flaumsikring må vera ei prioritert statleg oppgåve og løyvingane til dette arbeidet bør aukast.

PS 8/18 Val av eigarrepresentantar for 2018

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vel følgjande som eigarrepresentantar i selskap og verksemdar:

Selskap	Sektor	Representant
Beredt AS	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	
Hardanger AKS AS	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	
Kveik AS (Voss Bedriftservice A/S)	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	
Gløde AS	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	
Opero AS	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	
Griegghallen IKS	Eigedom	
HFK Bussanlegg AS	Eigedom	
HFK Tomt Knarvik AS	Eigedom	
BKK AS (2 repr)	Energi	
Valen kraftverk AS	Energi	
KLP	Finans	
Kommunekraft AS	Klima	
Hordaland Teater LL	Kultur	
Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS	Kultur	
A/S Den Nationale Scene	Kultur	
Biblioteksentralen SA	Kultur	
Carte Blanche AS	Kultur	
Sunnhordland museum	Museum	
Vestnorsk Filmsenter A/S	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
Atheno AS	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
Fjord Norge AS	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	

Sarsia Development AS	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
Innovasjon Norge (foretaksmøte)	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
Bergen Vitensenter AS	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
VIGO IKS	Opplæring	
NDLA*	Opplæring	
Askøy bompengeselskap AS	Samferdsel	
Austevoll Bruselskap AS	Samferdsel	
Bergen bompengeselskap AS	Samferdsel	
Bergen-Os Bompengeselskap AS	Samferdsel	
Bømlo vegselskap AS	Samferdsel	
Fastlandsamband Halsnøy AS	Samferdsel	
Ferde AS	Samferdsel	
Bybanen AS	Samferdsel	
Hardangerbrua AS	Samferdsel	
Jondalstunnelen AS	Samferdsel	
Kvam bompengeselskap AS	Samferdsel	
Voss og omland bompengeselskap AS	Samferdsel	
E134 Haukelivegen AS	Samferdsel	
Nordhordlandspakken AS	Samferdsel	
Odda Vegfinans AS	Samferdsel	
Sunnhordland Lufthavn A/S	Samferdsel	

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Roald Stenseide, Frp, sette fram slikt forslag:

«Alternativ
Fylkesordføreren utpeikar representantar til generalforsamlingar fortrinnsvis blant fylkesutvalet sine medlemmer.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.
Stenseide sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesordføreren utpeikar representantar til generalforsamlingar fortrinnsvis blant fylkesutvalet sine medlemmer.

PS 9/18 Deltaking i Grønt Kystfartsprogram

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune deltek som partner i Grønt Kystfartsprogram. Kontingenten på til saman 100 000 NOK blir finansiert gjennom «partnerskap næringsliv/forsking innan grønt skifte».

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune deltek som partner i Grønt Kystfartsprogram. Kontingenten på til saman 100 000 NOK blir finansiert gjennom «partnerskap næringsliv/forsking innan grønt skifte».

PS 10/18 Avvikling av Nordhordlandspakken AS

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet rår til at selskapet Nordhordlandspakken vert avvikla.
2. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å tre inn i avviklingsstyre for selskapet..

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Jon Askeland, Sp, stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Nordhordlandspakken AS. Askeland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Askeland var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Askeland gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet rår til at selskapet Nordhordlandspakken vert avvikla.
2. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å tre inn i avviklingsstyre for selskapet.

PS 11/18 Sal av Bergen-Os bompengeselskap AS

Forslag til vedtak

1. Tilbod frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Bergen-Os bompengeselskap AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Tilbod frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Bergen-Os bompengeselskap AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.

PS 12/18 Sal av AS Austevoll bruselskap

Forslag til vedtak

1. Tilbod frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i AS Austevoll bompengeselskap vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Tilbod frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i AS Austevoll bompengeselskap vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.

PS 13/18 Sal av Askøy bompengeselskap AS

Forslag til vedtak

1. Tilbod frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Bergen-Os bompengeselskap AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Ved ein inkurie står det «Bergen-Os Bompengeselskap AS» i forslag til vedtak. Saka gjeld Askøy bompengeselskap AS. Namnet på bompengeselskapet i vedtaket punkt 1 vert difor administrativt retta opp i samsvar med dette.

Roald Stenseide, Frp, stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Askøy bompengeselskap AS. Kari Sørensen Bernardini, A, stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styreleiar i same selskap. Stenseide og Bernardini gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Stenseide og Bernardini var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Stenseide og Bernardini gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 13 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Tilbod frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Askøy bompengeselskap AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.

PS 14/18 Sunnhordland Ferjerederi AS u.s, søknad om ruteløyve for ferjedrift

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna tildela ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik til Sunnhordland Ferjerederi AS u.s, i det ein syner til at ferjekaiane/oppstillingsplassane på Sunde og Jektevik vert nytta til fylkeskommunale kollektivføremål

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.01.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna tildela ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik til Sunnhordland Ferjerederi AS u.s, i det ein syner til at ferjekaiane/oppstillingsplassane på Sunde og Jektevik vert nytta til fylkeskommunale kollektivføremål.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Roald Stenseide, Frp, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalget er positiv til søknaden om ferjedrift mellom Sunde og Jektevik under følgende forutsetning:

Parkeringsplassen på Sunde som det henvises til må være opparbeidet og kan tas i bruk før oppstart.

Anløp Jektevik må tilpasses dagens ruteprogram og nye oppstillingsplasser som det henvises til må være opparbeidet og klar til bruk.»

Røysting

Stenseide sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, V, MDG) og fall.
Innstillinga fekk 8 røyster (A, Sp, KrF, SV) og vart vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna tildela ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik til Sunnhordland Ferjerederi AS u.s, i det ein syner til at ferjekaiane/oppstillingsplassane på Sunde og Jektevik vert nytta til fylkeskommunale kollektivføremål.

PS 15/18 Søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS om ruteløyver for strekninga Bergen - Odda - Oslo

Forslag til innstilling

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta § 3 1. ledd, jf yrkestransportlova § 15 og yrkestransportlova § 11 godkjenner fylkesutvalet søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS, om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – Åsane – Kvamskogen – Jondal – Odda – Seljestad – Telemark – Buskerud – Akershus – Oslo på vilkåret som er spesifisert i punkt 2.
2. Med heimel i yrkestransportlova § 11 og Samferdselsdepartementet sitt Rundskriv N-2/2017, vert det sett som vilkår at alt materiell som vert nytta i drifta av løyva, skal oppfylle same krava til bussklasse II og III i krava i Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport til materiell i buss, herunder tilgjenge for rullestolbrukarar.
3. Fylkesutvalet godkjenner at den einskilde fylkeskommune som vert omfatta av løyvedrifta får godkjenne takstar og ruteplan, herunder trasé.
4. Det vert sett som vilkår for løyva at det ikkje vert utført lokaltransport i Hordaland så lenge Skyss trafikkerer same trasé med lokale korrespondansar.
5. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriellet som vert nytta i løyvedrifta har motorteknologi som gjev lågast mogleg utslepp av avgassar.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.01.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta § 3 1. ledd, jf yrkestransportlova § 15 og yrkestransportlova § 11 godkjenner fylkesutvalet søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS, om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Åsane - Kvamskogen - Jondal - Odda - Seljestad - Telemark - Buskerud - Akershus - Oslo på vilkåret som er spesifisert i punkt 2.
2. Med heimel i yrkestransportlova § 11 og Samferdselsdepartementet sitt Rundskriv N-2/2017, vert det sett som vilkår at alt materiell som vert nytta i drifta av løyva, skal oppfylle same krava til

bussklasse II og III i krava i Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport til materiell i buss, herunder tilgjenge for rullestolbrukarar.

3. Fylkesutvalet godkjenner at den einssilde fylkeskommune som vert omfatta av løyvedrifta får godkjenne takstar og ruteplan, herunder trasé.
4. Det vert sett som vilkår for løyva at det ikkje vert utført lokaltransport i Hordaland så lenge Skyss trafikkerer same trasé med lokale korrespondansar.
5. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriellet som vert nytta i løyvedrifta har motorteknologi som gjev lågast mogleg utslepp av avgassar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Jon Askeland, Sp, sette på vegner av A, Sp, KrF og SV frem slikt forslag:

«Saka vert utsett, og fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til dialog slik det er invitert til i brev frå Tide/Telemark bilruter.»

Røysting (forslag om utsetjing)

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke,

Vedtak

Saka vert utsett, og fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til dialog slik det er invitert til i brev frå Tide/Telemark bilruter.

PS 16/18 Ny driftskontrakt for ASOLA DK1201

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til standardval i grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt for ASOLA DK1201
2. Fylkesutvalet er positivt til at fylkesrådmannen går i dialog med kommunane for å vurdere omklassifisering av enkelte vegar, slik at det vert same eigar og driftsansvarleg både for hovudveg og tilhøyrande gang- og sykkelveg.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.01.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sluttar seg til standardval i grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt for ASOLA DK1201.
2. Fylkesutvalet er positivt til at fylkesrådmannen går i dialog med kommunane for å vurdere omklassifisering av enkelte vegar, slik at det vert same eigar og driftsansvarleg både for hovudveg og tilhøyrande gang- og sykkelveg.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Roald Stenseide, Frp, sette på vegner av Frp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalget ber administrasjonen være særlig oppmerksom på vinterdriften av veier til industrifelt hvor det går store kjøretøy og hvor det ferdes myke trafikanter.»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette på vegner av MDG fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet ber om at kontrakten utformes slik at en minimaliserer bruken av veisalt ved vinterdrift.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Stenseide sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Tomren sitt forslag fekk 3 røyster (V, MDG, SV), og vart med det ikkje vedteke oversendt.

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til standardval i grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt for ASOLA DK1201.
2. Fylkesutvalet er positivt til at fylkesrådmannen går i dialog med kommunane for å vurdere omklassifisering av enkelte vegar, slik at det vert same eigar og driftsansvarleg både for hovudveg og tilhøyrande gang- og sykkelveg.

PS 17/18 Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte for 2017

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr. 130 000 til Odda Vegfinans AS for 2017, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2018.
2. Fylkesutvalet vedtek at Hordaland fylkeskommune sitt lån til Odda Vegfinans AS vert gjort rentefritt.
3. Ved avvikling av Odda Vegfinans AS, føreset fylkesutvalet at forskotteringsavtalen som Odda Vegfinans AS har med Vegdirektoratet vert overført til Ferde AS.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet løyver kr. 130 000 til Odda Vegfinans AS for 2017, finansiert over samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2018.
2. Fylkesutvalet vedtek at Hordaland fylkeskommune sitt lån til Odda Vegfinans AS vert gjort rentefritt.
3. Ved avvikling av Odda Vegfinans AS, føreset fylkesutvalet at forskotteringsavtalen som Odda Vegfinans AS har med Vegdirektoratet vert overført til Ferde AS.

PS 18/18 Omklassifisering av FT. 202 - Telavåg, Sund kommune.

Forslag til innstilling

I tråd med tilrådinga frå Statens vegvesen vert FT. 202 hp 1 km 3,132 – 3,620, lengde 488 meter, omklassifisert til kommunal veg.

Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen vert overlevert til Sund kommune skal vegen setjast i den stand som følger av veglova § 7 fjerde ledd og i samsvar med oppsummering etter synfaring 14.03.2017 frå Statens vegvesen.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.01.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

I tråd med tilrådinga frå Statens vegvesen vert FT. 202 hp 1 km 3,132 - 3,620, lengde 488 meter, omklassifisert til kommunal veg.

Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen vert overlevert til Sund kommune skal vegen setjast i den stand som følger av veglova § 7 fjerde ledd og i samsvar med oppsummering etter synfaring 14.03.2017 frå Statens vegvesen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

I tråd med tilrådinga frå Statens vegvesen vert FT. 202 hp 1 km 3,132 - 3,620, lengde 488 meter, omklassifisert til kommunal veg.

Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen vert overlevert til Sund kommune skal vegen setjast i den stand som følger av veglova § 7 fjerde ledd og i samsvar med oppsummering etter synfaring 14.03.2017 frå Statens vegvesen.

PS 19/18 Endra grenser for vegdriftkontraktene i Sunnhordland

Forslag til innstilling

Vegdriftskontraktane i Hordaland skal følgje fylkesgrensa mot Rogaland i dei nye kontraktane som vert lyst ut.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.01.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Vegdriftskontraktane i Hordaland skal følgje fylkesgrensa mot Rogaland i dei nye kontraktane som vert lyst ut.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Vegdriftskontraktane i Hordaland skal følgje fylkesgrensa mot Rogaland i dei nye kontraktane som vert lyst ut.

PS 20/18 Vidareføring av tiltak for å møte omstillingsutfordringane til industrien i Hordaland

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet ser framleis eit behov for omstilling av leverandørindustrien til petroleumsnæringa, og ynskjer å vidareføra ein samordna regional innsats for industrien i Hordaland ved at:

1. Fylkesutvalet stiller inntil 9 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for industrien i Hordland. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2018,

2. Omstillingsutvalet, får vidareført mandatet med å ta initiativ til, og få gjennomført, konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren. Fylkesutvalet ynskjer i tillegg at noverande samansetnad med to representantar frå arbeidstakersida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen, blir utvida med ein næringsrepresentant med kompetanse på «grøn konkurransekraft», industriell utvikling og fornybar energi.
3. Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2018, før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet stiller inntil 9 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for industrien i Hordland. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH-budsjettet for 2018,
2. Omstillingsutvalet, får vidareført mandatet med å ta initiativ til, og få gjennomført, konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren. Fylkesutvalet ynskjer i tillegg at noverande samansetnad med to representantar frå arbeidstakersida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen, blir utvida med ein næringsrepresentant med kompetanse på «grøn konkurransekraft», industriell utvikling og fornybar energi.
3. Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2018, før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.

PS 21/18 Retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig slik dei ligg føre.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kommunisere retningslinjene til selskap som er omfatta av krava i offentleglova og arkivlova når det gjeld offentlegheit og arkiv.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig slik dei ligg føre.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kommunisere retningslinjene til selskap som er omfatta av krava i offentleglova og arkivlova når det gjeld offentlegheit og arkiv.

PS 22/18 Holmen i Ulvik - Intensjonsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Ulvik herad

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner intensjonsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Ulvik herad.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle vidare med Ulvik herad med sikte på å oppnå ein endeleg avtale basert på vilkåra partane er einige om i intensjonsavtalen.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere ein eventuell endeleg avtale.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner intensjonsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Ulvik herad.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle vidare med Ulvik herad med sikte på å oppnå ein endeleg avtale basert på vilkåra partane er einige om i intensjonsavtalen.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere ein eventuell endeleg avtale.

PS 23/18 Kriterium for tildeling av utrangert PC-utstyr

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek at dei tilrådde kriteria vert lagde til grunn i framtidige tildelingar av utrangert PC-utstyr.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Kari Bernardini, A, sette på vegner av A og Sp fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2 i kriteria:

Barn og unge i organisert skuletilbod og organisert SFO-tilbod vert prioritert framfor bruk i administrasjon, studiar, hobby eller leik.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bernardini sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek at dei tilrådde kriteria vert lagde til grunn i framtidige tildelingar av utrangert PC-utstyr med slikt tillegg:

Barn og unge i organisert skuletilbod og organisert SFO-tilbod vert prioritert framfor bruk i administrasjon, studiar, hobby eller leik.

PS 24/18 Etablering av Sekretariatet for Nordsjøkommisjonen på Vestlandet

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet ynskjer ikkje at sekretariatet skal leggast til Hordaland. Dette ut frå at dette vil være ei ny oppgåve med økonomikonsekvensar. Ynskjer ein anna fylkeskommune å ta på seg vertskapsrolla som sekretariat for Nordsjøkommisjonen, er Fylkesutvalet positiv til å vidarefører dagens støttenivå frå HFK på ca. kr 50 000 NOK.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Pål Kårbø, KrF, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet i Hordaland støttar intensjonen om at ein av fylkeskommunane i Noreg tek vertskapsrolla som sekretariat for Nordsjøkommissjonen. Hordaland er positiv til å tilby denne vertskapsrolla, gitt at dei ulike fylkeskommunane inngår eit spleiselag med om lag lik fordeling. Som følgje av dette er fylkesutvalet positiv til å auka Hordaland fylkeskommune sin andel frå dagens 50 000 kr til om lag 200 000 kr.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk to røyster (Frp) og fall. Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet i Hordaland støttar intensjonen om at ein av fylkeskommunane i Noreg tek vertskapsrolla som sekretariat for Nordsjøkommissjonen. Hordaland er positiv til å tilby denne vertskapsrolla, gitt at dei ulike fylkeskommunane inngår eit spleiselag med om lag lik fordeling. Som følgje av dette er fylkesutvalet positiv til å auka Hordaland fylkeskommune sin andel frå dagens 50 000 kr til om lag 200 000 kr.

PS 25/18 Opptnemning av politisk saksordførar til saka "Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskar".

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet nemner opp Dan Femoen (H) til politisk saksordførar for saka «Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskar».

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet nemner opp Dan Femoen (H) til politisk saksordførar for saka «Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskar».

PS 26/18 Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2018

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på kunnskap, kompetanse og andre tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket.
2. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i heile landet.
3. Fylkesutvalet anbefaler at det blir etablert eit Program for klimatilpassing for landbruket på Vestlandet og at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold.
4. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, endringar i klima, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
5. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane og investeringsmidlane vert forvalta regionalt, for å målrette dei betre.
6. Fylkesutvalet meiner at rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima og at investeringsmidlane vert forvalta regionalt.

7. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.
8. Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.
9. Fylkesutvalet meiner det er trong for forskning som er tilpassa regionale forhold og at regionane difor bør få tilgang til forskingsmidlane som avsettas gjennom jordbruksavtalen.
10. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til grønne skifte og bioøkonomi bør intensiverast og at det bør leggast til rette for meir samarbeid på tvers av bransje og sektorar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Jon Askeland, Sp, sette på vegner av Sp, A, KrF og SV fram slikt forslag:

- a) «Nytt punkt, før fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1:
Fylkesutvalet meiner jordbruksforhandlingane må styrkja inntektene på dei små,- og mellomstore bruka.
- b) Nytt punkt, mellom fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 og 5:
Fylkesutvalet tilrår at investeringsmidlane til landbruket vert auka.
- c) Nytt punkt, etter fylkesrådmannen sitt forslag punkt 10:
Fylkesutvalet tilrår at tiltak mot attgroing vert vektlagt.»

Røysting

Askeland sitt forslag (a) fekk 9 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG) og vart vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-4 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5-10 vart samrøystes vedteke.

Askeland sitt forslag (b) fekk 10 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG, V) og vart vedteke.

Askeland sitt forslag (c) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner jordbruksforhandlingane må styrkja inntektene på dei små,- og mellomstore bruka.
2. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på kunnskap, kompetanse og andre tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket.
3. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i heile landet.
4. Fylkesutvalet anbefaler at det blir etablert eit Program for klimatilpassing for landbruket på Vestlandet og at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold.
5. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, endringar i klima, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
6. Fylkesutvalet tilrår at investeringsmidlane til landbruket vert auka.
7. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane og investeringsmidlane vert forvalta regionalt, for å målrette dei betre.
8. Fylkesutvalet meiner at rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima og at investeringsmidlane vert forvalta regionalt.
9. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.

10. Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.
11. Fylkesutvalet meiner det er trong for forskning som er tilpassa regionale forhold og at regionane difor bør få tilgang til forskingsmidlane som avsettas gjennom jordbruksavtalen.
12. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til grønne skifte og bioøkonomi bør intensiverast og at det bør leggst til rette for meir samarbeid på tvers av bransje og sektorar.
13. Fylkesutvalet tilrår at tiltak mot attgroing vert vektlagt.

PS 27/18 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

ORIENTERING

Lars Bjaadal, leiar Hardangerviddarådet og prosjektleiar Ellen Korvald, Buskerud fylkeskommune orienterte om rullering av Regional plan for Hardangervidda.

Helge Kårstad, Kystskogbruket, Vidar Jørdre, leiar Hordaland Skognæringsforum og skogsjef i Vestskog og Ørjan Mikal Kalsaas, dagleg leiar Moelven Granvin Bruk orienterte om Kystskogmeldinga, infrastruktur og planer for ny tømmerkai i Granvin.

MOTTEKNE SPØRSMÅL

1. **Aud Karin Oen, SV**, hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Offentlege tilskot til musea i Hordaland

I media står det å lesa at andelen ordinære offentlege tilskot til musea i Hordaland er 43 prosent, noko som er langt under landsgjennomsnittet på 68 prosent. Er dette rett? Og korleis kan det forklarast? Er dette noko som har vore slik i fleire år? Eg ber om ei oversikt over dette.»

Det var utarbeidd slikt svar:

«Dei ti konsoliderte musea i Hordaland er ein del av det nasjonale museumsnettverket som får tilskot frå post 70 på statsbudsjettet, jf. Prop 1S. 2018. Frå 2018 vil det vere 63 einingar i museumsnettverket. Fylkeskommunar, vertskommunar og kommunar som nyter godt av musea si kompetanse, formidling og andre tenester, har eit delansvar for finansieringa av musea. Fylkeskommunane har særleg ansvar for utforming av den regionale museumspolitikken, mellom anna ved å fastsetje museumsstrukturen i kvart fylke. I Hordaland er denne handsama i fleire fylkesdelplanar og regionale planar. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 og dei årlege fylkesbudsjetta er dei viktigaste politiske styringsdokumenta.

Avisa Bergens tidende hadde laurdag 27. januar 2018 ein [artikkel](#) om at Bymuseet i Bergen må kutte i talet på løna årsverk grunna dårleg økonomi. I Norsk Kulturråd si vurdering av [musea i 2016](#) går det fram at Bymuseet i Bergen har 65 tilsette i 61,6 årsverk og samla driftsinntekter på 62 mill. kroner. Ein krevjande økonomi i høve drifta er noko som pregar fleire av musea og som svekkjar institusjonane si evne til å løyse samfunnsoppdraget sitt.

Det vert i avisartikkelen vist til at andelen ordinære tilskot til musea i Hordaland er på 43%, noko som er langt under landsgjennomsnittet på 68%. Dette gjeld ordinære tilskot frå staten og ikkje ordinære tilskot frå fylkeskommunen/kommunane. Rapporten «[Evaluering av museumsreforma i Hordaland](#)» vart handsama av fylkestinget 03.10.17 ([PS 89/2017](#), [protokoll](#)). Rapporten er gjennomført av Agderforskning på oppdrag for Hordaland fylkeskommune, og viser til at det var forventa at andelen ordinære tilskot frå staten skulle auke, som følgje av konsolideringa. Andelen tilskot frå staten til musea i Hordaland har hatt ei auke på 6%, frå 37% i 2007 til 43% i 2016. Andelen statlege tilskot for heile Noreg var 68% i 2016.

Hovudforklaringa på kvifor musea i Hordaland har eit relativt lågt statleg tilskot er dels at Hordaland ikkje har museum med høgt statleg tilskot, t.d. ingen med 100% statleg finansiering, som Nordnorsk Kunstmuseum i Tromsø eller Nasjonalmuseet og Norsk folkemuseum i Oslo. Fylkesrådmannen si vurdering er likevel at det ikkje finnes fullgode forklaringar, anna enn at dei statlege tilskota vert fordelte ut frå historikk og politiske prioriteringar.

Som del av oppfølginga av Rapporten «Evaluering av museumsreformen i Hordaland» vil fylkesrådmannen leggje fram politisk sak om finansieringa av musea i Hordaland og tilhøvet mellom stat, fylkeskommune og kommunar.»

Aud Karin Oen, SV, hadde slik bestilling til fylkesrådmannen:

«Tal i høve til kulturmidlar i Hordaland.
Eg ønskjer tal på kr. Per hovud pr. fylke slik det vart synt til i framlegget frå ekspertutvalet i presentasjonen i dag.»

2. Aud Karin Oen, SV hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Fengselet på Ulvsnesøy

Fengselet på Ulvsnesøy står i fare for å verte nedlagt. Fengselsundervisninga som Hordaland fylkeskommune har ansvaret for vert dermed og nedlagt. Etter det eg forstår kan denne avdelinga av fengselsundervisninga syna til sær gode resultat. Finns det tal på dette? Kva vert konsekvensar for undervisninga til dei innsatte ved ei eventuell nedlegging?»

Fylkesordførarar svarte slik:

«Fylkesrådmannen har tilgang til open statistikk for skuleresultat for fengselsundervisninga i Norge, også publisert på heimesidene til fylkesmannen i Hordaland. Tala er nominelle og er ikkje korrigererte for storleiken på dei einskilde institusjonane/avdelingane. Det er lagt fram tal for fire variablar for åra 2012, 2013, 2014, 2015 og 2016:

- tal på standpunktkarakterar
- elevar med standpunktkarakter
- tal på eksamenar
- elevar med eksamen

Denne statistikken gjev grunnlag for å hente ut fleire typar resultat. Statistikken byggjer naturleg nok på tal som er rapportert frå den einskilde institusjon. Det er rett å gjere merksam på at det er den institusjonen eller avdelinga der utdanninga er fullført, som blir godskriven resultatata. Det er svært krevjande for ein skule å hente ut data frå interne system i etterkant, til dømes frå Extens. Dei sonande som er elevar ved ein skule, vert av naturlege grunnar haldne godt skjult.

Av statistikken på fylkesmannens heimeside går det fram at Bergen fengsel avdeling Osterøy ligg høgt på tabellen på dei fleste utvala. Resultata vert enda betre når ein tek omsyn til kor lågt talet på sonande er ved Ulvsnesøy.

På Ulvsnesøy underviser Åsane videregående skole i restaurant- og matfag, bygg- og anleggsteknikk og teknikk- og industriell produksjon. I tillegg vert det undervist i ei rekkje fellesfag – norsk, engelsk, matematikk, naturfag, historie og samfunnsfag. I alle desse faga les elevane fram mot standpunktkarakter. Skulen har også tilbod om nokre motivasjonskurs, mellom anna datakort, musikk og tysk. I fengsels-undervisninga på Ulvsnesøy arbeider det tilsette i faste stillingar tilsvarande 520 % dette året. I tillegg er der nokre engasjementstillinger, til dømes innan musikk.

Skulen arbeider på eit brev til Kriminalomsorgen region vest og til Bergen fengsel med spørsmål som er viktige når det gjeld interessene til Åsane videregående skole. Skulen stiller mellom anna spørsmål ved om det blir høve til å auke kapasiteten til dømes ved Bergen fengsel, noko som kan vere vanskeleg med tanke på plass.

Når det gjeld personale, kan det sjå ut til at det som følgje av ei nedlegging vil bli eit visst overtal. RM med 83 % ressurs på Ulvsnesøy står heilt klart i fare, BA med 43 % kan bli eit utfordring, TIP med 100 % kan gje noko overtal. Fellesfag med 291 % er det førebels

vanskeleg å seie noko om, då det er tilsette ved skulen som går av med pensjon til sommaren.»



3. Aud Karin Oen, SV, hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Bybanetrasé og politisk handsaming?

Bybanetrasé og politisk handsaming? I førre runde med val av trasé var det politisk handsama på alle nivå. No les eg om dette i avisa. På spørsmål i MISA får ein til svar at det er Bergen sitt ansvar. Kva har endra seg sidan førre runde med trasévalg? Kva vurderingar ligg til grunn for to slike ulike måtar å handsama same sak på?»

Det var utarbeidd slikt svar:

«Planprogrammet for Bybanen mellom Bergen sentrum og Åsane frå 2012 legg dei formelle rammene for innhaldet i planarbeidet og tilhøyrande prosessar. Planprogrammet legg opp til to fasar, kor fase 1 handlar om konsekvensutgreiinga og fase 2 handlar om reguleringsplanen.



I spørsmålet blir det vist til «førre runde med val av trase». Ein legg her til grunn at Oen sikter til Konsekvensutgreiing for Bybanen til Åsane som var på høyring våren 2013. Hordaland fylkeskommune gav fråsegn til utgreiinga, og dette fråsegna er framleis gjeldande.

Det har vore politisk krevjande i Bergen kommune å fatte eit vedtak, som etter planen skal avslutte fase 1. Saka har difor ikkje kome vidare frå fase 1.

Bystyret i Bergen skal handsame sak om trasé for Bybanen i Sandviken 31. januar. Eit vedtak her vil avslutte fase 1.

Fase 2 vil starte med ei melding om oppstart, og her vil Hordaland fylkeskommune få nytt høve til å gje eit fråsegn i saka.

Det er med andre ord ikkje snakk om ei ny sak som Bergen kommune handsamar aleine, men eit forseinka vedtak i ei sak Hordaland fylkeskommune allereie har gitt fråsegn til i 2013.»

OPEN TIME

Pål Kårbø, KrF, sette fram slikt forslag til uttale til Justis- og beredskapsdepartementet og Hordalandsbenken på Stortinget:

«Nedlegging av fengselsdrifta ved Bergen fengsel avd. Osterøy (Ulvsnesøy)

Måndag 22. januar 2018 vart tilsette og innsette ved Bergen fengsel avdeling Osterøy (Ulvsnesøy) informert om at avdelinga vil bli lagt ned innan 1. juli 2019. Bakgrunnen for dette er at Stiftelsen Ulvsnesøy Skolehjem, som eig øya, ønsker å selja. Justis- og beredskapsdepartementet har, etter råd frå Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) valt å ikkje akseptere tilbodet om kjøp. Dette er grunngjeve med at det er venta høge driftskostnader som følge av naudsynt vedlikehald og oppgraderingar (Statsbygg) og at behovet for soningsplassar med lågare sikkerhet etter prognosane vil vera synkande i åra som kjem. Kriminalomsorgsdirektoratet er tydelig på at vedtaket sjølv om kvaliteten på arbeidet som vert utført ved avdelinga held eit særst høgt nivå.

Fylkesutvalet i Hordaland er negativ til dette vedtaket og vil med dette føra følgande argument for at Justis- og beredskapsdepartementet skal finna ei løysing for vidare drift ved avdelinga på Osterøy:

1. Fengselet sine fysiske føresetnader, tilbod om utdanning, arbeid, aktivitet og samhandling mellom innsette og tilsette gjer tilbodet på Ulvsnesøy unikt. Avdelinga har sær gode resultat over lang tid – både fagleg og menneskeleg. Avdelinga kan òg vise til sær god rehabilitering.
2. Kriminalomsorgsdirektoratet arbeider no med ei konseptvalutgreiing (KVU) for det samla tilbodet i region vest. Det er naturleg at tilbodet ved Bergen fengsel avdeling Osterøy vert vurdert i samband med dette.
3. Avdelinga i Osterøy representerer statlege kompetansesarbeidsplassar i distriktet. Dei 40-50 tilsette kjem frå mange av kommunane i nærleiken (Osterøy, Vaksdal, Voss, Bergen, mfl.). Ei nedlegging vil, utan tvil, føre til ei uønskt sentralisering av statlege kompetansesarbeidsplassar.
4. Avdelinga i Osterøy er viktig for lokal næringsliv gjennom kjøp av varer og tenester. Dette gjeld særskilt bygdene Bruvik i Osterøy og Vaksdal i Vaksdal.
5. Nedlegginga av fengselsavdelinga i Osterøy kan kanskje gje reduserte kostnader i eit kort og avgrensa perspektiv. Det er i vedtaket til Justis- og beredskapsdepartementet ikkje gjort greie for konsekvensane i eit breiare samfunnsøkonomisk og menneskelig perspektiv. Kampen mot kriminalitet føregår på mange plan. Kriminalomsorga sitt samfunnsoppdrag handlar om å trygge samfunnet gjennom soningsløp med få brot og å sette innsette betre i stand til et lovlydig liv etter fullført straff. Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje grunn til å tru at ei nedlegging av Osterøyavdelinga bidreg til dette.

Fylkesutvalet i Hordaland vil sterkt oppmoda Justis- og beredskapsdepartementet om å gjera om vedtaket om nedlegging av drifta ved Bergen fengsel avdeling Osterøy på Ulvsnesøy slik at noverande eller alternative tilbod på denne staden vert vurdert i samband med konsekvensvalutgreiinga (KVU) som no er under arbeid i direktoratet.

Det vil vere eit stort tap om det skulle bli lagt ned.»

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Kårbø sitt forslag fekk 9 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG, V) og vart vedteke.

Vedtak

Uttale til Justis- og beredskapsdepartementet og Hordalandsbenken på Stortinget:

Nedlegging av fengselsdrifta ved Bergen fengsel avd. Osterøy (Ulvsnesøy)

Måndag 22. januar 2018 vart tilsette og innsette ved Bergen fengsel avdeling Osterøy (Ulvsnesøy) informert om at avdelinga vil bli lagt ned innan 1. juli 2019. Bakgrunnen for dette er at Stiftelsen Ulvsnesøy Skolehjem, som eig øya, ønsker å selja. Justis- og beredskapsdepartementet har, etter råd frå Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) valt å ikkje akseptere tilbodet om kjøp. Dette er grunngeve med at det er venta høge driftskostnader som følge av naudsynt vedlikehald og oppgraderingar (Statsbygg) og at behovet for soningsplassar med lågare sikkerhet etter prognosane vil vera synkande i åra som kjem. Kriminalomsorgsdirektoratet er tydelig på at vedtaket sjølv om kvaliteten på arbeidet som vert utført ved avdelinga held eit sær høgt nivå.

Fylkesutvalet i Hordaland er negativ til dette vedtaket og vil med dette føra følgande argument for at Justis- og beredskapsdepartementet skal finna ei løysing for vidare drift ved avdelinga på Osterøy:

1. Fengselet sine fysiske føresetnader, tilbod om utdanning, arbeid, aktivitet og samhandling mellom innsette og tilsette gjer tilbodet på Ulvsnesøy unikt. Avdelinga har sær gode resultat over lang tid – både fagleg og menneskeleg. Avdelinga kan òg vise til sær god rehabilitering.

2. Kriminalomsorgsdirektoratet arbeider no med ei konseptvalutgreiing (KVU) for det samla tilbodet i region vest. Det er naturleg at tilbodet ved Bergen fengsel avdeling Osterøy vert vurdert i samband med dette.
3. Avdelinga i Osterøy representerer statlege kompetansearbeidsplassar i distriktet. Dei 40-50 tilsette kjem frå mange av kommunane i nærleiken (Osterøy, Vaksdal, Voss, Bergen, mfl.). Ei nedlegging vil, utan tvil, føre til ei uønskt sentralisering av statlege kompetansearbeidsplassar.
4. Avdelinga i Osterøy er viktig for lokal næringsliv gjennom kjøp av varer og tenester. Dette gjeld særskilt bygdene Bruvik i Osterøy og Vaksdal i Vaksdal.
5. Nedlegginga av fengselsavdelinga i Osterøy kan kanskje gje reduserte kostander i eit kort og avgrensa perspektiv. Det er i vedtaket til Justis- og beredskapsdepartementet ikkje gjort greie for konsekvensane i eit breiare samfunnsøkonomisk og menneskelig perspektiv. Kampen mot kriminalitet føregår på mange plan. Kriminalomsorga sitt samfunnsoppdrag handlar om å trygge samfunnet gjennom soningsløp med få brot og å sette innsette betre i stand til et lovlydig liv etter fullført straff. Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje grunn til å tru at ei nedlegging av Osterøyavdelinga bidreg til dette.

Fylkesutvalet i Hordaland vil sterkt oppmoda Justis- og beredskapsdepartementet om å gjera om vedtaket om nedlegging av drifta ved Bergen fengsel avdeling Osterøy på Ulvsnesøy slik at noverande eller alternative tilbod på denne staden vert vurdert i samband med konsekvensvalutgreiinga (KVU) som no er under arbeid i direktoratet.

Det vil vere eit stort tap om det skulle bli lagt ned.

Roald Stendseide, Frp, stilte slikt spørsmål:

«Under møte i fellesnemnda 18. desember på Flesland bad undertegnede om et gruppemøte. Etter gruppemøtet ble det fra møteleder gjort oppmerksom på, slik jeg forstod det, at rådmennene hadde påpekt at vi hadde med oss noen som ikke var i fellesnemnda i gruppemøtet. Dette ble påpekt som et regelbrudd.

Mine spørsmål blir da:

Hvor kan det henvises til i lovverk at det ikke er lovlig å ha partikolleger med på gruppemøter?

Jeg har merket med at også posisjonen har hatt med seg andre i gruppemøter, eksempelvis rådgiver under gruppemøter, er det et lovverk/regelverk for posisjon og et annet for opposisjon?

Har rådmannen også påpekt dette også overfor posisjonen?»

Fylkesrådmannen kjem tilbake med skriftleg svar.

Roald Kvamme, A, stilte slikt spørsmål:

«Kan fylkesutvalet få ein oversikt over garantiansvaret fylkeskommunen vil få dersom alle vegprosjekt i RTP- og NTP-perioden vil få bompengefinansiering slik det er føreslått per d.d.?

Kan det gjerast ei vurdering av konsekvensar dersom ferjeavløysingsprosjekt også vil få eit parallelt privat ferjetilbod?»

Fylkesrådmannen kjem tilbake med skriftleg svar.

Mona Røsvik Strømme, H, bad om informasjon om kantstopp. Fylkesrådmannen svarte.

Anne-Beth Njærheim, V, bad om visuell informasjon om kompleksiteten m.o.t. ruteproduksjon.

Sigbjørn Framnes, Frp, stilte spørsmål om skuleskyss for elevar som bur i Leirvik og som går på Fitjar vidaregåande skule.

Målfrid Vik Sønstabø, Skyss, svarte.

Aud Karin Oen, SV, hadde slik presisering:

«Fylkesutvalet syner til vedteke budsjett for Hordaland fylkeskommune og til budsjettposten på 300 000 kr til papirlause flyktningar. Fylkesutvalet presierer at denne summen er tiltenkt organisasjonen «Helsehjelp til papirløse» i Bergen (<http://www.helsehjelp-bergen.no/>).»

Tom Sverre Tomren, MDG, stilte slike spørsmål:

- Sonestruktur.
- Innfartsparkering i Arna.
- Varslingsrutiner – oppdatering.
- Takstar NSB-Skyss samordnast.

Fylkesrådmannen svarte.

Fylkesrådmannen orienterte om problemstillingar knytt til aksjeoverføring til regionalt bompengeselskap.

PS 28/18 Namn på den nye fylkeskommunen på Vestlandet

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Fylkesutvalet sette sak RS 2/18 «Namn på den nye fylkeskommunen på Vestlandet – møte med KMD» på sakskartet som politisk sak utan saksførelegg.

Pål Kårbø, KrF, sette på vegner av KrF, A, Sp, V, Frp og H fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet tilrår at namnet til det nye samanslåtte fylket Hordaland/Sogn og Fjordane vert «Vestland».»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:
Fylkesutvalet tilrår at det nye fylket får namnet Bjørgvin.»

Aud Karin Oen, SV, sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«Alternativ:
Fylkesutvalet vil ta saka til fellesnemnda for grundig vurdering av fleire forslag, og om det skal vera fylke eller region i namnet.»

Tomren trekte forslaget sitt.

Røysting

Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, V, H, Frp) og vart vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tilrår at namnet til det nye samanslåtte fylket Hordaland/Sogn og Fjordane vert «Vestland».